

# Ny kommune i indre Sunnfjord

## Møtedeltakarane

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:

16/3693-4-ØH-  
FE - 002

Dato:

23.09.2016

## Ny kommune i Indre Sunnfjord, referat frå møte 19.09.16

### Til stades:

Anne Karin Hamre, Kåre Træen, Mathias Råheim, Håkon Myrvang, Oddmund Klakegg, Olve Grotle, Atle Fasteland, Øyvind Bang-Olsen, Børge Tvedt, Ole John Østenstad og Øystein Høyvik.

### Utsendt dagsorden:

1. Velkommen v/ Olve Grotle
2. Innleiing v/ Anne Karin Hamre
3. Saksutgreiingar/kommunestyrevedtak september 2016 – status v/ ordførar/rådmann
4. Nærare konkretisering av arbeidsoppgåver v/ Øystein Høyvik
5. Invitasjon til seminarrekke for kommunar som har gjort vedtak (invitasjonen ligg vedlagt)
6. Felles formannskapsmøte hausten 2016
7. Søknad frå dei kyrkjelege fellesråda (søknaden ligg vedlagt)
8. Møteplan
9. Evt

### **Velkommen**

Olve Grotle ynskter velkommen til møte i høve ny kommune i indre Sunnfjord.

### **Innleiing v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

- Viser til innleiing.

### **Saksutgreiing/kommunestyrevedtak pr september 2016**

- Ikkje kome spesielle politiske innspel knytt til felles saksframlegg så langt i prosessen
- Møtet drøfta om det er behov for endringar i framlegg – noko ein konkluderte med at det ikkje er. Det betyr mellom anna at ein held fast ved tilråding om prosjektorganisasjon som tenkt.

Prosjektperiode	15.09.16 – til fellesnemnd er oppretta
Styringsgruppe	Ordførarane Rådmennene har tale- og forslagsrett Prosjektleder er sekretær for styringsgruppa Sekretær for SiS regionråd har observatørstatus Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har observatørstatus
Leiar av styringsgruppa	Leiar av SiS regionråd
Prosjektgruppe	Rådmennene Prosjektleder 4 tillitsvalte frå hovudsamanslutningane Sekretær for SiS regionråd Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har observatørstatus
Prosjektleder	Øystein Høyvik

**Nærare konkretisering av arbeidsoppgåver**

- I sakstutgreiinga er det omtalt fleire aktuelle område som ein bør starte å arbeide i høve:
  - *Starte informasjonsarbeidet mot innbyggerane*
  - *Starte arbeidet med kulturbygging (politisk, administrativt og mellom innbyggerane i alle fire kommunar)*
  - *Følgje opp kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16*
  - *Informasjon og involvering av dei politiske miljøa i kommunane , til dømes gjennom felles formannskapsmøte*
  - *Starte arbeidet med harmonisering og tettare samarbeid på ulike område. Døme her er løns- og arbeidsvilkår, nivå på tenestene innanfor ulike sektorane, politisk og administrativ delegering mv*
  - *Sjå på tilhøvet til regionsamarbeida i SiS og mellom SiS/ny kommune og Hafs*
  - *Hente inn erfaringar frå andre kommunesamanslåingar*
  - *Drøfte bruken av infrastrukturmidlar (kr 5 millionar) som Regjeringa har løyvd og evt nye tilskotsmidlar som blir løyvd i samband med kommunereforma.*
  - *Starte arbeidet opp mot dei kyrkjelege fellesråda i kommunane*
- Følgjande konklusjonar vart gjort:
  - Prosjektgruppa får i oppgåve å utarbeide prosjektplan som omtalar punkta over, og som skal godkjennast av styringsgruppa i neste møte
  - Når det gjeld punktet om å «følgje opp kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16» fekk rådmennene i oppgåve å komme tilbake til styringsgruppa med forslag i neste møte
  - Dei kyrkjelege fellesråda blir invitert til møte med styringsgruppa på nyåret 2017

**Invitasjon til seminarrekke for kommunar som har gjort vedtak**

- Samde om at ein vil nytte denne seminarrekka til å starte arbeidet med å bygge felles kultur i prosjektorganisasjonen, samt utforme felles utfordrings- og moglegeheitsbilde
- Samde om at det er prosjektorganisasjonen som bør representere kommunane – dvs 4 ordførarar, 4 rådmenn, 4 tillitsvalte, sekretær i SiS og prosjektleiar (til saman 14 personar).

**Felles formannskapsmøte hausten 2016**

- Tek sikte på å gjennomføre felles formannskapsmøte innan januar 2017

**Søknad frå dei kyrkjelege fellesråda**

- I brev datert 08.09.16 søker dei kyrkjelege fellesråda i Indre Sunnfjord om prosjektmidlar
- Før det blir tatt stilling til søknaden vil det vere behov for å få ei samla oversikt og vurdering knytt til fordeling av prosjektmidlar og –støtte til ulike område og sektorar
- Dei kyrkjelege fellesråda vil bli invitert til møte med styringsgruppa tidleg 2017, og ein vil ta stilling til søknaden i etterkant av møtet

**Møteplan**

- Tek sikte på fredag som fast møtedag
- Møte i prosjektgruppa inntil 2 gonger pr månad
- Møte i styringsgruppa ca ein gong pr månad
- Øystein Høyvik utarbeidar forslag til møteplan

**Eventuelt**

- Søknad til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om skjønsmidlar, søknadsfrist 01.10.16
  - Prosjektgruppa får fullmakt til å utarbeide søknad
- Prosjektrekneskap pr 01.07.16
  - Ein har no motteke alle fakturaer for førre prosjektperiode
  - Krav vil bli sendt alle 10 kommunane i nær framtid

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.